



Tor Vidar Sæle kan melda om lite fråver

Under siste styremøte ved KV (Kvinnherad Vekstbedrift) gav dagleg leiar Tor Vidar Sæle ein orientering om frammøtet i siste halvår i fjor og opplyste at det hadde vore ein fråversprosent på 3,9 prosent.

Frammøtet hadde vore svært bra sjølv om det hadde auka ein del samanlikna med kva som er normalt ved verksemda på grunn av sjukefråver. Utførte arbeidsdagar var 910 og sjukedagar totalt 35.

- Utanom dette har staben eit svært godt og nøyaktig oppmøte som medfører at arbeidstakarane alltid har eit stabilt personal å forhalda seg til kvar dag, var konklusjonen til dagleg leiar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen